



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1413-7

Sakshandsamar: Olav Haugan Vindal

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap		

Endeleg godkjenning av kontrakt - Lastein Bryggjekafé

Saksframlegg godkjent 07.03.2025.

Finn Arne Askje
kommunedirektør

Knut Erik Paulsen
kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

- 1 Utleigeavtale for Lastein Bryggjekafé

Bakgrunn for saka

I formannskapsmøtet 29.01.2025 blei det vedtatt at leigekontrakten for Lastein Bryggjekafé skal godkjennast av formannskapet før signering. Administrasjonen har no utarbeidd ein kontrakt som sikrar gode rammer for kafédrifta, ansvarsavklaring for vedlikehald og reinhald, samt at kommunen si rolle som utleigar vert ivareteke.

Saksutgreiing

Den nye leigekontrakten regulerer sentrale forhold knytt til Lastein Bryggjekafé si drift og vedlikehald, inkludert:

Driftsvilkår: Krav til opningstider, variert og kvalitetsmessig servering, prioritere kortreist og økologisk mat m.m.

Vedlikehald og reinhald: Klare ansvarsforhold mellom utleigar og leigetakar for innvendig og utvendig vedlikehald.

Økonomiske rammer: Leigevilkår som sikrar føreseielege inntekter for kommunen og ei berekraftig drift for leigetakar.

Kontrakten er utforma for å leggje til rette for ei langsiktig og stabil drift av Lastein Bryggjekafé, samtidig som kommunen ikkje påtek seg driftsansvar eller økonomisk risiko utover det som er naudsynt.

Konklusjon

Administrasjonen vurderer at den framlagde leigekontrakten balanserer behova til både kommunen og leigetakar, og at den legg til rette for ei berekraftig og ansvarleg drift av Lastein Bryggjekafé.

Kommunedirektørens tilråding

Formannskapet godkjenner den framlagde leigekontrakten for Lastein Bryggjekafé. Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtale med ny drivar i tråd med kontrakta.